

Omdanning av Norsk språkråd

Høyringsfråsegn frå Norsk Ordbok 2014

1. Namnet

Namnet på det nye organet er ikkje uviktig med tanke på at ein no ynskjer å skape eit organ med stor samfunnsmessig appell og relevans. Det er også uttrykt eit ynske om at medieprofilen skal styrkjast, og i samband med dette bør ein finne at namn som ikkje er for tungt og som lett vil kunne feste seg i opinionen. Nemninga ”kompetansesenter” kan fort bli eit innhaldstomt moteord.

2. Status

Det er viktig at vi på demokratisk grunnlag held fram med å ha ein offentleg språkpolitikk her i landet. Norsk Ordbok 2014 ynskjer at Stortinget framleis skal gå inn for å drive gjennom språkpolitiske prioriteringar. Det omorganiserte språkrådet bør opprettast med lovheimel for å sikre det språkpolitiske feltet i den framtidige kulturpolitikken.

I tillegg til å levere utgreiingar om språk og språkspørsmål til styresmaktene, bør det nye språkrådet også kunne ta sjølvstendige initiativ og slik vere premissleverandør i den offentlege språkdebatten. Organet bør slik sett få handlingsrom og ikkje detaljstyrast frå departementshald. Men linene for den offentlege språkpolitikken bør trekkjast opp av Stortinget, og økonomiske storsatsingar på prosjekt som Norsk Ordbok 2014 bør framleis forankrast og vedtakast på politisk nivå, det vil seie vere eit uttrykk for politiske prioriteringar og verdival.

For å sikre den legitimiteten som trengst for at det nye språkrådet skal kunne fungere som sjølvstendig aktør, er det viktig at administrasjonen har knytt til seg solid fagleg kompetanse, og at denne fagkompetansen er representativ og blir oppdatert. Dette kunne løysast på fleire måtar. Like viktig som at det nye rådet har eigen forskingskompetanse i staben, er at det nye organet styrkjer samarbeidet med aktive forskingsmiljø på universiteta og høgskulane. Her blir det ei utfordring å finne fram til gode rutinar for fagleg utveksling. Det overordna i denne samanhengen er at det nye språkorganet har eller skaffar seg fagleg legitimitet, slik at det kan hevde seg som sjølvstendig aktør i den offentlege debatten med prestisje og fagleg tyngd.

I høyringsbrevet vert det trekt fram som ynskjeleg at det nye språkrådet skal sikre seg legitimitet og appell ute i samfunnet, spesielt hos unge språkbrukarar. Éin måte å sikre dette på er å trekkje inn ulike språkbrukargrupper i det nye språkrådet sitt arbeid. Spørsmålet om representativitet i høve til ulike språkbrukargrupper er viktig, og ikkje utan vidare lett å sameine med omsyn som har med fagleg legitimitet å gjere. NO 2014 vil ikkje skissere løysingar på dette dilemmaet, berre peike på at det finst.

Det er sjølv sagt viktig at det nye organet greier å kommunisere med publikum på ein måte som gjer språkpolitikken relevant for folk flest. Men etter vår meining treng det ikkje vere nokon motsetnad mellom det som er fagleg velfundert og det som har populær appell, sjølv om det ofte vert framstilt slik. Men det ligg ei kommunikasjonsutfordring i det å gjere språkpolitikken relevant og tilgjengeleg for den delen av ålmenta som er interessert i språkspørsmål.

Det nye språkrådet må sikrast handlingsrom ved at det får budsjett som gjer at det kan bli ein handlande aktør i det samfunnet det ynskjer å vere i kommunikasjon med.

3. Aktuelle språkpolitiske utfordringar

I høyringsbrevet vert det lagt vekt på at det blir ei hovudutfordring dei neste åra å sikre norsk språk i Noreg mot presset frå engelsk, særleg gjeld dette ytre press, dvs. kampen om domena. NO 2014 er sjølv sagt heilt samd i dette. Haldningsarbeid blir viktig her, for det er bruken og bruksverdien som avgjer framtida til det norske språket. Men det finst også institusjonelle rammer og samfunnsstrukturar som fremjar stadig meir engelsk og mindre norsk i ulike samfunnssektorar. Eit døme er korleis internasjonal publisering no gjev større økonomiske gevinstar innanfor academia enn publisering på norsk for eit heimleg publikum. Det nye språkrådet bør aktivt gå inn for å avdekkje og vurdere slike strukturelle tilhøve, for langt på veg kan desse føringane styrast.

Det er ei særleg utfordring å sikre at det finst og vert utvikla godt norsk fagspråk for heile rekkja av fagfelt som dekkjer det komplekse moderne samfunnslivet. For å møte desse utfordringane bør det nye språkrådet samarbeide med fagmiljøa.

Måljamstilling må framleis vere eit sjølv sagt utgangspunkt for norsk språkpolitikk, og Norsk Ordbok 2014 legg stor vekt på at omsynet til begge målformer blir sikra av det nye språkorganet. Det kan ikkje vere tvil om at nynorsken enno er utsett, og at det trengst aktivt haldningsskapande arbeid for å sikre at han får ei framtid her i landet. Vi er t.d. uroa over framstøytane for valfritt skriftleg sidemål i Oslo-skulen og andre stader, og ser at språkleg jamstilling er eit ideal som stadig må kommuniserast og ”seljast” til ålmenta. Dette er etter vår meining ei utfordring for det nye språkrådet.

Det nye språkrådet bør framleis ta ansvar for at innbyggjarane sine språklege rettar blir tryggja. Det gjeld både den formelle handhevinga og ulike tiltak som trengst for å gje rettane innhald. NO 2014 tykkjer i denne samanhengen at det er kunstig å skilje ut rettane til dei språklege minoritetane frå dette ansvarsområdet.

Det nye språkrådet bør setje av ressursar til å styrkje mediearbeidet sitt. Haldningsskapande arbeid er avhengig av å få gjennomslagskraft i media, og det nye språkrådet har mykje å hente ved å arbeide medvite med kommunikasjons- og mediestrategiar. Det er kanskje på dette feltet at det nye språkrådet har størst utviklingspotensial.

NO 2014 ynskjer at det nye språkorganet skal vere kontaktpunkt mellom norsk språkpolitikk og tilsvarande aktivitet i andre land. Det nordiske samarbeidet vil halde fram med å vere viktig, ikkje minst på bakgrunn av parallelle utfordringar frå engelsken, og fordi dei nordiske landa legg til grunn dei same demokratiske grunnhaldningane i språkspørsmål. Vi treng ein formidlande instans mellom oss og Norden på dette feltet.

NO 2014 ynskjer at det nye språkrådet framleis skal ha ansvaret for normering av nyord og opprydding i eksisterande normering. Hit høyrer også godkjenning av ordlistar og ordbøker til skulebruk og (stikk)kontroll av lærebøker.

4. Norsk Ordbok 2014 og det nye språkrådet – samarbeid og samarbeidsformer

Normeringsarbeidet er eit døme på fagleg arbeid som bør kvile på eit breitt empirisk grunnlag. Her vil NO 2014 peike på eit opplagt samarbeidsfelt for det nye språkrådet og for forskingsinstansar utanfor. NO 2014 har blant anna som mål å dokumentere nynorsken, både i diakront perspektiv og på grunnlag av samtidige kjelder. Vi har no utvikla datateknologiske løysingar som gjer denne dokumentasjonen tilgjengeleg for eksterne brukarar, t.d. for det nye språkrådet. Vi vonar at nynorskorpuset og dei andre digitaliserte kjeldene våre vil bli utnytta av det nye språkrådet som dei forskingsverktøya dei er, for å gje utgreiings-, rådgjevings- og normeringsarbeidet eit så godt fagleg fundament som mogleg. Tilsvarande ressursar finst ved andre forskingsmiljø i Noreg, og desse ressursane bør òg utnyttast. Om det nye språkrådet

sjølv vil investere i oppbygging av språkteknologiske ressursar for å styrkje arbeidet internt, er det viktig at dette vert gjort i samarbeid med andre impliserte aktørar innanfor feltet, for dette er ressurskrevjande tiltak, der fleksibilitet og høve til fleirbruk må vere styrande omsyn. Norsk Ordbok 2014 vil ynskje denne typen samarbeid velkome.